



Arkivsak

26/09348-1

Sakshandsamar

Shuxin Jensen

Saksgang

Fylkestinget

Møtedato

18.06.2026

Telemarkskanalen FKF - Rapport 1. tertial 2026

Innstilling frå fylkesdirektøren

Fylkestinget tar rapport for 1. tertial 2026 til orientering.

Bakgrunn og saksgang

Telemarkskanalen FKF rapporterer tertialvis til eigar i tråd med kommunelova § 9-16. Rekneskap og økonomisk status for 1. tertial 2026 vart handsama av styret 11. mai 2026, og blir send fylkeskommunen over til eigarbehandling. Saka leggjast fram for fylkestinget for endeleg vedtak.

Saksopplysningar

Styret si handsaming

Styret i Telemarkskanalen FKF har våren 2026 behandla økonomisk status, overforbruk i 2025 og nødvendige tiltak for 2026. Styret har gitt dagleg leiar fullmakt til å:

- dekke meirforbruk i 2025 ved bruk av kanalens disposisjonsfond
- gjennomføre budsjettjustering i 1. tertial 2026
- leggje fram forslag til innsparingar i 2026

Økonomisk situasjon per 1. tertial 2026

Telemarkskanalen FKF går inn i 2026 med ein anstrengd økonomisk situasjon. Rekneskapen for 2025 viste eit stort meirforbruk, knytt til mellom anna:

- konsulentutgifter ved kartlegging av brygger og leiemurar
- lønnsutgifter og sluttvederlag ved skifte av dagleg leiar
- underbudsjettering av faste utgifter

Styret har vedteke at meirforbruk på drift for 2025 blir dekt inn ved bruk av fond, og at meirforbruk på investeringsrekneskapen blir innarbeidd i budsjettjustering 1. tertial 2026. For 2026 er det behov for stram utgiftskontroll. Styret har uttrykt at det er nødvendig å gjennomføre tiltak for innsparing, og har bede dagleg leiar leggje fram konkrete forslag.

Drift og aktivitet i perioden

Den ordinære drifta hittil i 2026 har i hovudsak vore retta mot:

- oppfølging av sikker drift av sluser og dammar
- arbeid knytte til lovpålagde tilsyn og revurderingar
- administrativ opprydding etter leiarskifte
- førebuingar til slusesesongen

Arbeidsmengda knytt til tilsyn, dokumentasjon og tryggleik blir vurdert som høg, og er venta å gi auka utgifter også i kommande periodar.

Særlege risikoforhold

Økonomisk risiko

Føretaket har avgrensa økonomisk handlingsrom. Uventa hendingar eller auka utgifter kan ikkje handterast innanfor ordinært driftsbudsjett utan nye eigarbidrag.

MS Ørna

Styret har behandla saka om slepebåten MS Ørna. Det er vedteke å flytte båten til Løveid og vurdere avhending. Saka inneber potensiell økonomisk og omdømmemessig risiko dersom båten skulle søkke eller skape miljøhendingar.

Damfoss rettssak

Igangverande rettssak knytt til Damfoss representerer mykje økonomisk uvisse. Samla utgifter er rekna til om lag 6 mill. kr, der utfallet av rettssaka har avgjerande betydning. Utfallet er uavklart per 1. tertial 2026.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Tertialrapporten gir ikkje i seg sjølv direkte økonomiske eller juridiske konsekvensar, men synleggjer eit behov for:

- tett oppfølging av den økonomiske situasjonen i føretaket
- forventningsavklaringar mellom eigar og føretak
- mogleg vidare eigarstyring gjennom eigne saker

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Telemarkskanalen FKF har avgrensa direkte klimaverknad, men bidreg indirekte gjennom klimatilpassing og skånsam forvaltning av verna anlegg. Verksemda er særleg relevant for FNs bærekraftsmål 11, 12, 13 og 15.

Fylkesdirektørens vurdering

Første tertialrapport for 2026 viser at Telemarkskanalen FKF står i ein krevjande økonomisk situasjon, som dels er eit resultat av historiske forhold, dels av auka krav til tryggleik, tilsyn og vedlikehald. Samtidig forvaltar føretaket anlegg med høg kulturhistorisk og samfunnsmessig verdi.

Fylkesdirektøren vurderer at rapporten gir eit realistisk bilete av status og risikobilete ved inngangen til 2026, og meiner det er rett at fylkestinget tek rapporten til orientering. Vidare oppfølging bør skje gjennom eigardialog, budsjettjusteringar og eventuelle eigne saker.

Vedlegg:

Møteprotokoll styremøte TK 20.04.26

Budsjett T1 med regnskap TK